Utdanningsdirektoratet

# Eksamen

08.06.2007

## BY8119 tømrar/tømrer

Nynorsk/Bokmål

# Nynorsk

| Eksamensinformasjon | |
|---|---|
| Eksamenstid: | 5 timar |
| Hjelpemiddel: | Sjå gjeldande reglar. |
| Andre opplysningar: | Teikningar treng ikkje vere utførte med tusj.<br><br>Dersom du meiner det manglar mål eller opplysningar som trengst for å løyse oppgåvene, legg du sjølv inn eigne føresetnader etter ei samla vurdering, og løyser oppgåvene ut frå dette. Sørg for å markere eventuelle stader i svaret der du har lagt inn dine eigne føresetnader. |
| Rettleiing om vurderinga: | I vurderinga av svaret skal det leggjast vekt på<br><br>• om kandidaten har tenkt gjennom og beskrive alle forhold som har betydning for byggjeoppdraget<br>• at beskrivne og skisserte løysingar er gjennomførbare og akseptable i forhold til dagens tekniske krav<br>• at vesentlege konstruksjonar er teikna eller skisserte med nødvendig målsetjing og tekst<br>• at aktuelle HMS-tiltak er vurderte og forklarte<br>• at dei løysingane kandidaten har valt, er drøfta og grunngitt<br>• at svaret er utført ryddig og nøyaktig |

# Situasjonsbeskriving

Bedrifta du er tilsett i, har fått i oppdrag å byggje ein einebustad i bindingsverk. Bustaden skal ha livsløpsstandard. I samband med oppdraget får du ansvaret for planlegginga og utføringa av eit våtrom med golv på trebjelkelag. Planlegginga består i å velje detaljløysingar i samsvar med gjeldande forskriftskrav og preaksepterte løysingar.

## Oppgåve

1) Vel målestokk og lag løysingsforslag med målsette detaljskisser og beskrivingar som forklarer korleis du vil løyse dei ulike detaljane i samband med

    a) overgangen mellom vegg og golv
    b) overgangen mellom golv og sluk
    c) oppbygginga av fall
    d) terskelløysinga mellom våtrommet og tilstøytande rom

Alle nødvendige sjikt i konstruksjonen skal vere med. Du bestemmer sjølv materialtypar og dimensjoner.

2) Forklar funksjonen til dei forskjellige sjikta.

3) Gjer greie for kva du meiner er fordelar og ulemper med dei valde løysingane dine.

4) Beskriv kva for HMS-tiltak du vil setje i verk for utføringa av eigne arbeid.

# Bokmål

| Eksamensinformasjon | |
|---|---|
| Eksamenstid: | 5 timer |
| Hjelpemidler: | Se gjeldende regler. |
| Andre opplysninger: | Tegninger behøver ikke utføres med tusj.<br><br>Dersom du mener det mangler mål eller opplysninger som trengs for å løse oppgavene, legger du selv inn egne forutsetninger etter en samlet vurdering og løser oppgavene ut fra dette. Sørg for å markere eventuelle steder i besvarelsen der du har lagt inn dine egne forutsetninger. |
| Veiledning om vurderingen: | I vurderingen av besvarelsen skal det legges vekt på<br><br>• om kandidaten har tenkt gjennom og beskrevet alle forhold som har betydning for byggeoppdraget<br>• at beskrevne og skisserte løsninger er gjennomførbare og akseptable i forhold til dagens tekniske krav<br>• at vesentlige konstruksjoner er tegnet eller skissert med nødvendig målsetting og tekst<br>• at aktuelle HMS-tiltak er vurdert og forklart<br>• at de løsningene kandidaten har valgt, er drøftet og begrunnet<br>• at besvarelsen er utført ryddig og nøyaktig |

# Situasjonsbeskrivelse

Bedriften du er ansatt i, har fått i oppdrag å bygge en enebolig i bindingsverk. Boligen skal ha livsløpsstandard. I forbindelse med oppdraget får du ansvaret for planleggingen og utførelsen av et våtrom med gulv på trebjelkelag. Planleggingen består i å velge detaljløsninger i samsvar med gjeldende forskriftskrav og preaksepterte løsninger.

Oppgave

1) Velg målestokk og lag løsningsforslag med målsatte detaljskisser og beskrivelser som forklarer hvordan du vil løse de forskjellige detaljene i forbindelse med

   a) overgangen mellom vegg og gulv
   b) overgangen mellom gulv og sluk
   c) oppbyggingen av fall
   d) terskelløsningen mellom våtrommet og tilstøtende rom

Alle nødvendige sjikt i konstruksjonen skal være med. Du bestemmer selv materialtyper og dimensjoner.

2) Forklar de forskjellige sjiktenes funksjon.

3) Redegjør for hva du mener er fordeler og ulemper med de løsningene du har valgt.

4) Beskriv hvilke HMS-tiltak du vil sette i verk i forbindelse med utførelsen av dine egne arbeider.

Kolstadgata 1
Postboks 2924 Tøyen
0608 OSLO
Telefon 23 30 12 00
Telefaks 23 30 12 99
www.utdanningsdirektoratet.no

Utdanningsdirektoratet